



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 22.02.2016
Vår ref.: 2016/879-2
Saksbehandlar: livsund
Dykkar ref.:

Kommunal planstrategi 2016–2020 - synspunkt frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i Hordaland

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi henta inn synspunkt frå nabokommunar, statlege og regionale organ. Hordaland fylkeskommune vil med dette komme med felles synspunkt til alle kommunane i Hordaland ut i frå regionale planar og fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar. Synspunkta er både generelle og temavise. Følgjande tema er tatt opp: Klima og energi, folkehelse, attraktive senter, areal- og transportplanlegging, natur og landskap, kultur og kulturminne, næringsutvikling, kompetanse og opplæring.

Det skal også utarbeidast og vedtakast regional planstrategi i løpet av 2016. Strategien skal setje dagsorden for berekraftig utvikling i Hordaland. Ordførarane i Hordaland er invitert til samråd om regional planstrategi på fylkestinget 8. og 9. mars 2016. Det er sendt eigen invitasjon om dette.

Føremålet med kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er nedfelt i plan- og bygningslova frå 2008. Den er heimla i §10-1 som seier at kommunestyret minst ein gang i kvar valperiode og seinast innan 1 år etter konstituering skal utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatta drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i sektorane og vurdering av kommunen sitt planbehov i perioden. Føremålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller føra vidare for å leggje til rette for ei ønskt utvikling i kommunen.

Lenke: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommunal-planstrategi/id652436/>
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedtatt ved Kongelig resolusjon 12.06.2015 skal leggjast til grunn for dei nye kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Forventningane er knytt til tre hovudtema:

1. Gode og effektive planprosessar
2. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
3. Attraktive og klimavennlige by- og tettstedsområde

Lenke: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging/id2416682/>

Dialog om kommunale planstrategiar

På våre internettsider ligg informasjon om kommunal planstrategi, andre relevante plantema og analysegrunnlag. Oversikt over regionale planar er å finne på <http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Publikasjoner/>. Hordaland fylkeskommune sine nettsider er for tida under omarbeiding og

vi vil kome tilbake med nærare informasjon om korleis informasjonsstoffet vert tilrettelagt på dei nye nettsidene.

Regionalt planforum er eit etablert organ for samhandling mellom Hordaland fylkeskommune, regionale statsetatar og kommunane. Dersom kommunane ønskjer å nytta planforum til dialogmøte om planstrategi, kan det leggjast til rette for det.

25.11.2015 arrangerte fylkeskommunen plannettverksamling der tema var statistikk for kommunal planstrategi. Presentasjonar på samlinga kan lastast ned frå denne lenka:
<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Plannettverk/Plannettverk-2015---moteplan-og-presentasjonar/Plannettverk-25-november-2015---presentasjonar/>

Det er ikkje krav til ordinær høyring av kommunale planstrategiar, men planstrategien skal vere offentleg i 30 dagar før handsaming i kommunestyret.

Generelle synspunkt

Bør kommuneplanen reviderast?

Etter lova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Oppdaterte og relevante kommuneplanar er viktig for å fremja berekraftig regional utvikling. I arbeidet med kommunal planstrategi må kommunen ta standpunkt til om kommuneplanen skal reviderast. Synspunkta frå fylkeskommunen, nasjonale forventingar, erfaringar med gjeldande plan, utviklingstrekk framover og utfordringane som kommunen har som organisasjon og samfunn vil vere grunnlag for denne vurderinga.

Samfunnsdelen – verktøy for heilskap og prioritering

Samfunnsdelen er eit verktøy for kommunen si heilskapelege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. Samfunnsdelen skal også gje grunnlag for overordna prioriteringar i arealdelen. Det kan utarbeidast kommunedelplan for bestemte område, tema eller verksemdsområde. Fylkeskommunen oppmodar alle kommunar i Hordaland til å revidera samfunnsdelen i samsvar med plan- og bygningslov, synspunkta frå fylkeskommunen og dei nasjonale forventingane.

Lenke: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommuneplanprosessen-samfunnsdelen/id679401/>

Arealdelen – samanheng mellom samfunnsutvikling og arealbruk

Arealdelen er ein arealplan for heile kommunen og skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal visa hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk, samt kva for omsyn som må ivaretakast. Kommunen kan sjølv bestemme detaljeringsgraden for utforming av arealdelen. Det kan også utarbeidast kommunedelplanar for delområde. Dette er naturleg å vurdere i arbeidet med kommunal planstrategi.

Lenke: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommuneplanens-arealdel/id676377/>

Oppdatert kartmateriale

Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister er heimla i plan- og bygningslova og set mellom anna krav til kommunane om framstilling av arealplanar. Sams bruk av føremål og kodar er ein føresetnad for å samanstillе plankart mellom kommunar for å sjå regionale og interkommunale planløyisingar. Dersom det er kommunar som enno ikkje har revidert sin arealdel etter føremåla i ny plan- og bygningslov og kart- og planforskrifta må dei sjå til at dette vert gjort.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-06-26-861>

Interkommunalt planarbeid for samordning over kommunegrenser

Interkommunalt planarbeid kan vere ei løyising når det er føremålstenleg å samordna planlegginga over kommunegrensene. Samarbeidet kan omfatta alle plantypar. Den regionale planstrategien kan også peike

på interkommunalt planarbeid. Det er naturleg at kommunen drøftar dette spørsmålet i den kommunale planstrategien og tar det opp i samarbeidet med nabokommunar og fylkeskommunen.

Vurdering av nye planbehov

I planstrategien er det naturleg at kommunen ikkje berre vurderer behovet for revisjon av kommuneplanen, men også kommunens samla planbehov i perioden. Dette gjeld både lovpålagte planoppgåver, ikkje lovpålagte og utgreiingsoppgåver. Kva skal vidareførast eller startast opp av planar og kva type planarbeid er relevante spørsmål som planstrategien bør ta opp. Dette kan til dømes vere temaplanar eller større reguleringsplanar som områdereguleringar. Gjennomgang av kommunens plansystem med fokus på forbetring og forenkling bør også gjerast i strategiarbeidet.

Temavise innspel til kommunale planstrategiar

Klima og energi

Kommunane har eit omfattande ansvar i saker som påverkar klimagassutslepp og energibruk, vert påverka av klimaendringar og som gjeld tilpassing til endra klima.

Klimaplan for Hordaland 2014-2030

Klimaplanen er retningsgjevande for kommunane i Hordaland. Visjonen er «Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet», og det er overordna mål og strategiar knytt til klimagassutslepp, energi, klimatilpassing, arealbruk og transport. Klimatilpassing, areal og transport er særleg relevante tema for kommunane i deira planlegging.

Retningslinjer for tilpassing til klimaendringar:

1. Klimaendringar må inngå som vurderingstema ved rullering av kommunal og regional planstrategi.
2. Tilpassing til klimaendringar må vurderast både i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Kommunane skal analysere sårbarheita i kommunen og sette i verk tiltak som bidreg til å gjere kommunen meir førebudd på framtidens klima.
3. Kommunen bør i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemdsområde for flaum og skred.
4. Planlegging av kystnære område må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo.
5. Planlegging skal sikre handtering av overvatn, og dimensjonere avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør.

Retningslinjer for planlegging:

1. Kommuneplanen skal fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.
2. Bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokaliserast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnettet.
3. I Bergensområdet skal bustadområde og arbeidsplassintensive næringsområde lokaliserast i tilknytning til kollektivnettet.
4. Fortetting skal vektleggjast framfor nye spreidde bustadareal. Ledig kapasitet i eksisterande byggjeområde skal vurderast opp mot behovet for nye bustader. Fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal. J
5. Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast moglege utslepp av klimagassar.
6. Kommunal planlegging skal sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målpunkt som skule, senter og bustadområde.
7. I sentrumsområde skal det leggjast til rette for attraktive gangaksar mellom viktige målpunkt.
8. I Bergensområdet skal grøntstrukturar og friluftsområde vera tilrettelagt med gang- og sykkelveggar.
9. Kommunal planlegging skal leggje til rette for fornybar lokal energibruk.

Folkehelse

Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. Deltaking i utdanning, arbeidsliv og lokale sosiale arenaer og gode bustadområde er dei viktigaste faktorane for å betre sosial ulikheit i helse. Hordaland fylkeskommune har ein koordinerande og understøttande rolle i folkehelsearbeidet i fylket.

Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle (2014-2025)

Planen inneheld mål, strategiar og planretningslinjer for heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming og for lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. Det er eit delmål at folkehelseomsyn skal vere integrert i all samfunnsplanlegging og at Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025.

Planretningslinjer:

1. Alle kommunale og regionale planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av omsyn til folkehelse der det er relevant. Kommuneplanen er særleg relevant, både samfunnsdel og arealdel.
2. Kommuneplanens arealdel skal ha føresegnar om universell utforming.
3. Ved planlegging av sentrumsområde i byar og tettstader skal omsyn til universell utforming leggjast til grunn.

Oversyn over helsetilstanden

Gjennom planlegging kan ein styrka faktorar som er med å fremja folkehelse og svekka forhold som kan gje negative helseverknader. Kommunane må ha oversyn over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som verkar inn på denne. Oversynet skal ligge til grunn for kommunane sin planstrategi og utfordringane skal følgjast opp i den kommunale planlegginga. Kommunane må sikre at det kjem folkehelseomsyn inn i planlegginga for dei ulike kommunale sektorane.

Det er laga ein eigen folkehelseoversikt for Hordaland. Informasjon og lenke til denne ligg på <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Folkehelse/Liste/Godt-lokalsamfunn-gir-god-folkehelse/>

På nettsida <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Folkehelse/Helseoversikt/> er det mellom anna også lenke til verktøy for folkehelsearbeidet i kommunane.

Folkehelseprofil for kommunane kan lastast frå <http://www.fhi.no/helsestatistikk/folkehelseprofiler/finn-profil>

Attraktive senter og senterstruktur

Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel (2015-2026)

Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilrettelegge for vekst i heile fylket og skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i. Planen har som hovudmål at sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen; dei skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen; og dei skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.

Den regionale planen har retningslinjer for arealbruk og for forvaltning som skal innarbeidast i kommunale arealplanar, i tillegg til juridisk bindande føresegnar om handel og kjøpesenter.

Relevante retningslinjer i planen

- 1.1 Kommunane skal gjennom kommuneplanarbeidet innarbeide ein senterstruktur i samsvar med regional plan: fylkessenter, regionsenter, bydelssenter i Bergen, kommunesenter, og eventuelt lokalsenter og nærsenter ved behov.
- 2.1 For å sikre kvaliteten i sentrumsområde bør ein gjennomføre stadanalyse/moglegheitsstudie eller tilsvarande analyse som grunnlag for planlegging
- 2.3 Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller reguleringsplan for sentrum
- 2.4 Sentrumsområde skal planleggjast heilskapleg gjennom områdeplanlegging i offentleg regi.

Areal – og transportplanlegging

Utbyggingsmønster

Spreidd busetnad aukar transportomfanget og avhengigheita av bil. Det gjer det og vanskeleg å leggje til rette for at reiser kan skje kollektivt eller ved sykkel og gange. Stor biltrafikk i by- og tettstadsområda kan hindre utvikling av eit godt by- og tettstadsmiljø, i tillegg til at det bidreg til klimagassutslepp. Kommunane kan leggje til rette for ein effektiv arealbruk gjennom sine overordna kommuneplanar. Det meste av by- og tettstadsveksten bør vere konsentrert omkring sentrum og knutepunkt i kollektivsystemet.

Lokalisering av handel i senter som er knutepunkt for kollektivtrafikk vil fremje eit berekraftig reisemønster og styrke tilgjenge for heile befolkninga, også dei som ikkje disponerer bil.

Gjennom eit bevisst val av senterstruktur og ei aktiv satsing på region- og kommunesenter kan kommunane demme opp for ei sterkare sentralisering inn mot fylkessenteret Bergen. For å leggje grunnlaget for ei berekraftig by- og tettstadsutvikling er det naudsynt å samordne areal- og transportplanlegginga. Dette bør difor vere eit naturleg tema å vurdere i dei kommunale planstrategiane.

Bergensområdet

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er venta vedtatt våren 2016. Planen omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. Planen skal sjå heilskapleg på utviklinga i Bergensområdet dei neste 20 åra. Stikkord er styrking av regionale senter, effektivt og miljøvenleg transportsystem, kompakte og gode bustader, rett lokalisering av næringsområde og ivaretaking av grønstruktur og kulturmiljø.

Planen vil innehalde retningslinjer for kommunal arealplanlegging og for statleg, fylkeskommunal og kommunal transportplanlegging. I desse vert bl.a. tilrådd at kommunane som grunnlag for kommuneplanen bør vurdere tilgjenge for ulike transportmiddel i ulike deler av kommunen, og at utbyggingsrekkefølge for bustad- og næringsareal i kommuneplanen sin arealdel må samordnast i tid med utbygging av vegsamband, gang- og sykkelveggar og kollektivtiltak.

Berekraftig transportsystem

Gjennom planlegging kan kommunane leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, trafikksikkert og miljøvenleg transportsystem. Transportomfanget kan påverkast gjennom endring av vegkapasitet, samordna areal og transportplanlegging, lokalisering av bustader og arbeidsplassar, samt tilrettelegging for kollektivtransport, sykkel og gange. Det gjeld å finne eit balansepunkt der økt vegkapasitet og framkome på veg ikkje går utover viktige miljømål, og at bilen får eit unødig konkurransefortrinn framfor meir berekraftige transportformer.

Regional Transportplan (RTP) for Hordaland er ein langsiktig regional strategiplan for transportsektoren i Hordaland som legg rammer for regionale etatar, staten og kommunane si verksemd og planlegging. Ny plan 2018-2029 er under utarbeiding og planprogrammet er vedtatt.

Trafikksikring

I det fylkeskommunale trafikksikringsarbeidet ligg den nasjonale 0-visjonen til grunn ("Ingen drepne eller hardt skadde i trafikken"), saman med eigne satsingsområde basert på ulukkesstatistikken. Kommunane vert oppmoda til å utarbeide eigne trafikksikringsplanar som kan leggjast til grunn for konkrete tiltak knytt til førebygging, haldningsskapande arbeid og fysisk trafikksikringsarbeid. Slike planar vil kunne leggjast til grunn for arbeid med gang- og sykkeltiltak, særleg ved skular og andre målpunkt for barn og unge.

Gange og sykkel

Gange og sykling er godt for folkehelsa, for klima og for miljøet. For å auka delen av gåande og syklende og bidra til å dempa trafikken på vegnettet bør det satsast på samanhengande gang- og sykkelveggar i byar og tettstader. I distriktet elles og i område rundt skular vil utbygging av gang- og sykkelveggar vere viktige trafikktryggleikstiltak. Kommunane bør utarbeida eigne planar for samanhengande gang- og sykkelvegnett i dei viktigaste tettstadene.

Kollektivstrategi

Kollektivtransport har aukande merksemd som verkemiddel for ei ønskt utvikling, både i transportpolitikken og i samfunnet generelt. Ambisiøse klimamål er vedtekne på alle politiske nivå, og det er ei uttalt politisk målsetting at bruken av privatbil må avgrensast. Dette gjeld ikkje minst i Bergensområdet, der kapasitetsproblem allereie gjer seg gjeldande.

Hordaland fylkeskommune har eit overordna ansvar for kollektivtransporten i heile fylket og vil legge til rette for at kollektivtransporten får ei tydelig rolle i den langsiktige transportplanlegginga, og utviklinga av fylket generelt. I Kollektivstrategi for Hordaland - utvikling fram mot 2030 er det eit mål at kollektivstrategien skal bidra inn i arbeid med planar og utgreiingar også hos kommunar og statlege etatar i fylket.

Lenke: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Samferdsel/Kollektivtrafikk/Kollektivstrategi/>

Behovet for transportplanlegging, trafikksikkerheitsplanar og eventuelt interkommunale samarbeid, er viktig å vurdere i samband med kommunal planstrategi.

Natur og landskap

Planar for fjellområda

Gjennom Bern-konvensjonen har Noreg påtatt seg ansvaret for å sikra villreinen i norsk fauna. Det er vedtatt interregionale planar for Hardangervidda, Nordfjella og Heiplanen (Setesdal Vesthei, Setesdal Austhei og Ryfylkeheiane). Planane skal også sikre lokalsamfunna i planområda høve for nærings- og bygdeutvikling samt legge til rette for friluftsliv.

Planane har mål og retningslinjer for kommunal planlegging og forvaltning som skal følgjast opp i den einskilde kommune. I Hordaland er det kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Voss som er omfatta av planane. Etablering av nye ferdselsårar bør skje ut i frå omsynet til villreinen sin arealbruk. Sti og løyper skal fastsetjast i kommunale sti- og løypeplanar. Dette bør prioriterast i planstrategien.

Regional plan skal leggjast til grunn ved rullering av kommuneplanane. I arbeidet med kommunal planstrategi må ein også vurdere behovet for revisjon av arealdelen for å få innarbeidd arealføremål og retningslinjer for villrein fjella.

Landskap

Den europeiske landskapskonvensjonen stiller krav til ivaretaking av landskapet på lokalt og regionalt nivå, med særleg vekt på landskap der folk bur og arbeidar og barn veks opp. Det er eit regionalt mål at Hordaland sitt landskap skal forvaltast i eit langsiktig tidsperspektiv som ei kjelde til identitet og livskvalitet. Kommunane har ei nøkkelrolle i landskapsforvaltninga gjennom arealplanlegginga.

I Hordaland har ein i eit samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeskommunen laga rettleiaren «Råd om landskap i kommunalplanlegging». Hordaland fylkeskommune har også fått kartlagt og verdivurdert landskapet i Hordaland som grunnlag for regional og kommunal planlegging. Dataene er tilgjengeleg på Hordaland fylkeskommune sine nettsider. Behovet for sterkare fokus på kommunelandskapet bør vurderast i arbeidet med planstrategi.

Strandsona

Strandsona er eit prioritert tema i plan- og bygningslova, som seier at det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Statlege planretningslinjer legg opp til geografisk differensiering der vernet vert gjort strengare i sentrale område med stort press på areal.

Framtidig arealbruk skal avklarast heilskapleg og langsiktig i kommuneplanen. Definerings av den funksjonelle strandsona er ein hovudstrategi i den regionale strandsonopolitikken. Kartlegging av økologiske, topografiske og bruksmessige tilhøve er eit viktig grunnlag for dette. Ein må også ta høgde for framtidige endringar i strandsona som følgje av havnivåstigning. Allemannsretten i strandsona kan styrkast ved kartlegging og oppfølging av tiltak som hindrar allmenn ferdsel. Kommunane bør i arbeidet med kommunal planstrategi vurderer behov for kommuneplanrevisjon utifrå strandsonomsyn.

Kultur og kulturminne

Kultur som premiss

Politikken på kultur- og idrettsfeltet i heile Hordaland er forankra i **Regional plan for kultur 2015-2025**, der visjonen er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande kulturregion. Planen legg til grunn at kultur har sin klare eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor på alle samfunnsområde. Alle forvaltingsnivå har medansvar for å realisere visjonen og bidra til utviklinga av eit kulturliv som er forankra i regionale særtrekk og ope for nye impulsar.

I Hordaland skal kultur vere ein grunnleggande premiss for samfunnsutviklinga. Innbyggjarane i heile fylket skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv og kunne ta del i og oppleve tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar. Kultursatsinga skal fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte mennesket, i samfunnet og ha verkemiddel for å ta vare på og utvikle verdiar og ressursar. Kultur- og idrettspolitikken skal sikre ein sterk infrastruktur av kultur- og idrettsarenaer ute og inne og eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider.

Mange kommunar har eigne kommunedelplanar innanfor kultur- og idrettsfeltet der politikk og forvaltning er tilpassa lokale føremoner og særtrekk. I arbeidet med nye kommunale planstrategiar bør utfordringane på kultur- og idrettsfeltet vere sentrale. Det er stort behov for at kommunane gjennom eiga planlegging legg til rette for eit aktivt kulturliv og gode kulturtilbod i lokalsamfunna som gir grunnlag for inkludering, deltaking, læring og utvikling av fellesskapet. I mange av kommunane inneber det at revisjon av gjeldande planar eller utarbeiding av nye bør prioriterast i planperioden.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er ikkje-fornybare ressursar og unike kjelder til kunnskap og opplevingar, for utvikling av lokalsamfunn og for verdiskaping. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Kommunane har her eit serleg ansvar for at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Som planmynde er kommunen den viktigaste forvaltaren av kulturhistoriske verdiar. Kommuneplanar og kommunedelplanar for kulturminne- og kulturmiljøverdiar gjev betre kunnskapsgrunnlag og føreseielege rammer i areal og

samfunnsplanlegging. Kulturminneplanen vert til dømes eit godt grunnlag for konsekvensutgreiing i kommuneplanarbeidet.

Utarbeiding og revidering av kulturminneplanar i samsvar med plan- og bygningslova vil styrke kulturminneforvaltninga i kommunane. Naudsynt kartlegging og vurdering av kulturminneverdiane går inn i planlegginga. Det er venta at kommunane sjølv registrerer og verdisette kulturminne og kulturmiljø. Gjennom planarbeidet vil ein kunne trekke fram viktige kulturminne- eller miljø. Dette vil kunne redusera tap av verneverdige kulturminne og i tillegg styrke kulturminnekompetansen i kommunane og gje grunnlag til å bruke kulturarven som ressurs i lokal samfunnet. Den største tilskotsordninga for verneverdige kulturminne, Kulturminnefondet, føreset ved tildeling at kulturminne er sikra i kommunal kulturminneplan.

Vi rår til at kommunestyret gjennom den kommunale planstrategien vurderer òg tar stilling til behovet for revisjon av gjeldande kulturminneplan eller utarbeiding av nye planar for verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i kommunen.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Kommunar, i samhandling med idrettsråd, friluftsråd og turlag, må prioritere anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ut i frå målet om «aktiv kvar dag». Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Planarbeid på ulike nivå er avgjerande for at det vert avsett eigna areal til idrett og friluftsliv.

Kulturdepartementet set som vilkår for å kunne søke om spelemiddel til eit anlegg at det inngår i vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Dersom kommunal plan er utgått må eit anlegg takast inn i ny plan dersom søknad skal kunne godkjennast.

I 2008 vart regionale friluftslivsområde i Hordaland kartlagt og verdsett. Frå 2018 vil det vere eit krav frå Klima- og miljødepartementet om å ha gjennomført ei kartlegging og verdisetting av lokale friluftsområde for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder. Kartlegginga vil gje eit betre kunnskapsgrunnlag for avgjerder som er knytt til friluftsverdiar i kommunane si samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Tilrettelegging for friluftsliv i form av aktivitetsskapande byrom, parkar og grøntområde, turveggar, friluftsområde, merking og gradering av turløyper og informasjon er avgjerande for å senke terskelen for deltaking. Trygge, attraktive og samanhengande gang- og sykkelveggar frå bustad til skule og arbeid aukar kvardagsaktiviteten.

Anleggsutvikling

Ei god anleggsutvikling tar omsyn til demografi, aktivitetsprofil i befolkninga og anleggsstatus. Gjennom ei heilskapleg anleggsutvikling kan ein innby til aktivitetar med låg terskel, allsidig friluftsliv, nye idrettar og tradisjonell konkurranseidrett og toppidrett. Det er dei lokale behova som i utgangspunktet avgjer kva for anlegg som skal byggast. Ungdom må også involverast i dette arbeidet. Forankring i kommunale planar gir føreseielege rammer for alle aktørar lokalt, og gir fylkeskommunen eit oversyn over anleggsbehova.

I arbeidet med kommunale planstrategiar bør kommunen vurdere behovet for revisjon av kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og for å kartlegge og verdisette lokale friluftsområde.

Næringsutvikling

Gjennom **Regional næringsplan 2013-2017** legg Hordaland fylkeskommune vekt på verkemiddel som har som føremål å utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping i fylket. Innsatsen skal særleg spissast mot entreprenørskap og innovasjon, næringsretta kompetanse og næringsretta infrastruktur.

Næringsareal

Det er viktig at kommunane planlegg næringsareal på ein berekraftig måte og på tvers av kommunegrensene. Ei positiv utvikling innan samferdsle og næringsareal vil gje regionen meir effektiv tilgjenge til nasjonale og internasjonale marknader og auka attraksjon i desse marknadane.

Framtidig vekst er særleg forventa i og omkring Bergen, samt i knutepunkt og regionsenter. Dei sysselsettingsintensive næringane, som ofte er kompetansesarbeidsplassar, bør liggje i konsentrerte delar av by- og tettstadsstrukturane i regionen for å få ein god samanheng mellom bu- og arbeidsområde. Dei arealkrevjande arbeidsplassane bør etablerast på stader som ligg langs hovudinnfartsårene, og ikkje langt frå regionsentera/knutepunkta.

Attraktive regionsenter

Utvikling av attraktive regionsenter er viktig for ei balansert regional næringsutvikling i Hordaland. Større fagmiljø og eit mangfald av arbeidsgjevarar er ein viktig føresetnad for at eit regionsenter skal trekke til seg verksemdar og kompetansesarbeidskraft. Eit slikt regionalt senter skal også fungere som ein vekstimpuls for ein større region.

Bransjar med særlege føremonar

Kommunane kan bidra til at fylket vert ein innovativ region ved å ha fokus på næringar med særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling. Dette er næringar som energi, maritim, marin og reiseliv, i tillegg til landbruk og lokal mat, som er ei viktig distriktsnæring, samt media- og kulturbasert næringsliv.

Fylkeskommunen venter at kommunane har overordna strategiar for næringsutviklingsarbeidet, og at desse er blant føringane for arealplanlegginga i kommuneplanen. Behov for næringsareal må også vurderast.

Næringar i kystsona

Regional kystsonaplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger vil bli vedteke i løpet av 2016. Berekraftig kystsonaplanlegging, akvakultur, sjøtransport og maritim næring og strandsone er hovudtema i planen, med særleg fokus på akvakultur. Planen har som mål at det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv. Planen inneheld retningslinjer for berekraftig kystsonaforvaltning og arealplanlegging.

Areal til akvakultur, trålfelt og prioriterte kaste- og låssettingsplassar skal sikrast i kommuneplan og avklarast opp mot andre arealinteresser. Kommunane må ta omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk. Fylkeskommunen er delegert konsesjonsmyndigheit for opptak av skjelsand, og dette kan vurderast og synleggjerast i kommuneplan for dei kommunane der dette er relevant.

Maritim sektor skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit langsiktig perspektiv og sikrast framtidige utvidingsmoglegheiter. Areal til farleier, hamner og kommunikasjonspunkt mellom sjø og land skal sikrast i kommunale planar. Næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for næring som må ha direkte tilgang til sjø.

I arbeidet med kommunal planstrategi bør kommunen vurdere behovet for revisjon av planlegginga av sjøområda i kommunen. Behovet for interkommunale kystsonaplanar bør også vurderast.

Kompetanse/opplæring

Hordaland skal vere ein lærande region der kompetanse systematisk vert utvikla og nytta i samspel mellom dei som tilbyr utdanning og opplæring, arbeidslivet, organisasjonane og den einskilde innbyggjar. For å sikre grunnleggjande dugleik hos barn og unge og sikre at dei oppnår forventa kompetanse er det viktig å

sikra god kvalitet i barnehage, barneskule og ungdomsskule og få til gode overgangar mellom dei ulike nivåa, inkludert overgangen til vidaregåande opplæring. Grunnlaget for å gjennomføre vidaregåande opplæring blir lagt i grunnskolen. Skulen er også ein sentral arena for integrering og ein viktig danningsarena. Det er sterk samanheng mellom kompetansenivå og næringsutvikling i fylket.

Det pågår arbeid med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft der sentrale tema er dimensjonering av utdanningstilbod, etter- og vidareutdanning og utdanningsval/yrkesretteiing.

Ei hovudutfordring er å motverke fråfall i utdanningsløpet. Sentralt i dette er å utvikle samarbeid på tvers av utdanningsnivå for å gi betre grunnlag for å velje vidare utdanning og yrke. Kommunane må tenke gjennomføring i samarbeid mellom vidaregåande skule og næringslivet. Kommunane må sjå på seg sjølv som ei lærebedrift og vere medviten si eiga kompetansebygging gjennom ordninga.

Kommunal planstrategi bør vurdere kommunen sine utfordringar når det gjeld opplæring og kompetanse.

Oppsummering

Vi har gitt ein del generelle og temavise synspunkt på prioriteringar i arbeidet med kommunale planstrategiar knytt til vedtekne regionale planar og fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar.

Hordaland fylkeskommune ønskjer god dialog om planstrategiarbeidet. Ta gjerne kontakt for vidare oppfølging med kommunekontakten på planseksjonen. Vi ønskjer lukke til med arbeidet knytt til kommunale planstrategiar!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland

KS Hordaland